



Konkurransesgrunnlag for kartlegging av fugl i Grånosmyrane naturreservat

1. Oppdraget og administrative føringar

Nærøyfjorden verneområdestyre inviterer interesserte tilbydarar til å delta i konkurranse om kartlegging av fugl i Grånosmyrane naturreservat, på grensa mellom Aurland kommune og Voss herad.

Grånosmyrane er eit usedvanleg stort myrområde i fjellet, som er verna på grunn av sitt rike og sårbare fugleliv. Du kan lese meir om Grånosmyrane [her](#). Dei seinare åra tyder observasjonar på at det er mindre fugl i området enn tidlegare. I høve revidering av forvaltningsplanen for naturreservatet ynskjer verneområdestyret ein grundigare kartlegging av området for å vite korleis tilstanden er, og om det kan vere aktuelt å gjere tiltak for å betre tilhøva for fuglelivet.

Verneområdestyret tek atterhald om finansiering av oppdraget.

1.1 Om oppdragsgjevar

Nærøyfjorden verneområdestyre er forvaltningsstyresmakt for Nærøyfjorden landskapsvernområde, Bleia-Storebotnen landskapsvernområde, Bleia naturreservat, Nordheimsdalen naturreservat, Grånosmyrane naturreservat og Geitanosi naturreservat. Du kan finne meir informasjon om Nærøyfjorden verneområdestyre på www.nasjonalparkstyre.no/naroyfjorden

Oppdragsgjevares kontaktperson:

Jorunn Ospedal Vallestad, verneområdeforvaltar
E-post: joval@statsforvalteren.no
Tlf: 97567934

Eventuelle spørsmål skal vera skriftlege, og rettast til kontaktpersonen per e-post.

1.2 Kjøpet gjeld

Arbeidet som skal utførast er fuglekartlegging og utarbeiding av rapport. Det bør gjennomførast minst to kartleggingsturar i løpet av sesongen, der minst ein blir gjennomført tidleg i hekkeperioden og ein litt seinare på sommaren. Leverandør har sjølv ansvar for å bestemme beste kartleggingsmetodikk, kva som er dei optimale kartleggingstidspunkta, og at kartlegging skjer på dagar med gode vêrtilhøve. Grånosmyrane naturreservat er 4 km². Det må reknast 2-3 timar gangtid inn til kartleggingsområdet.

Arbeidet inkluderer skriving av ein rapport der ein samanliknar funna med tidlegare fugleregistreringar i området og ser på korleis utviklinga er, og prøver å vurdere kva som kan vere



grunnen til ein eventuell nedgang i fuglebestanden. Rapporten skal og innehalde ei vurdering av behov for vidare overvaking, og om det finst tiltak som kan betre forholda for fuglelivet i reservatet.

1.3 Tidsplan

Feltarbeidet skal gjennomførast sommaren 2024 og rapport leverast innan 30. november 2024. Sidan området er i fjellet, vil aktuelt kartleggingstidspunkt sannsynlegvis vere frå midten/slutten av juni og utover, avhengig av vårforholda dette året.

1.4 Generelt om leveransen

Tilbydar må ta omsyn til at det skal arbeidast i eit verna område, og fylgje dei reglar, føringar og pålegg som det fører med seg.

Leverandør held sjølv utstyr og reiskap, og har ansvar for eigen transport, kost og losji.

1.5 Kontraktsverdi

Det er estimert at den totale kontraktsverdien av tilbodet er på rundt 100 000 - 150 000.

Alle driftsutgifter inkl. reisekostnader skal dekkast innanfor ramma for kontraktsverdien.

1.6 Kontrakt

Avtaleforholdet vil bli regulert av Avtaledokument med vedlegg.

2 Krav til arbeidet og tildelingskriterier

2.1 Kvalifikasjonskrav

Krav til leverandøren:

- Leverandøren må kunne dokumentere erfaring frå tilsvarende oppdrag

2.2 Dokumentasjonskrav

Leverandør skal legge ved

- referansar frå tilsvarende kartleggingsarbeid og rapportskrivning.
- dokumentasjon på nødvendig fagkompetanse for personell som skal gjennomføre kartlegginga.

2.5 Tildelingskriterium

Tilboda vert vurdert ut i frå ei heilskapleg vurdering av pris, løysingsforslag og røynsle med liknande arbeid. Oppdragsgjevar vel tilbod på grunnlag av det beste forholdet mellom pris og kvalitet, basert på fylgjande kriteriar:

Tildelingskriterier	Vekt	Dokumentasjon
Pris	50	Pristilbod på heile oppdraget



Løysingsforslag med framdriftsplan	30	Plan for korleis arbeidet er tenkt løyst (tidsbruk, plan for og omfang av feltarbeid, kartleggingsmetodikk og rapportskriving etc.)
Erfaring	20	Erfaring med fuglekartlegging og rapportskriving. Referansane vert vurdert.

3 Reglar for gjennomføring av konkurransen

3.1 Anskaffingsprosedyre

Konkurransen vert regulert av lov og forskrift om offentlige anskaffelser. Denne anskaffelsens anslåtte verdi er under den nasjonale terskelverdi på kr 1 300 000 ekskl. mva. og er fritatt frå kunngjeringsplikta. Konkurransen blir gjennomført etter forskriftens alminnelige reglar (del I) og dei reglane som følgjer av dette konkurransegrunnlag.

3.2 Forenkla kunngjering

Konkurransen er sendt ut til minst 3 leverandørar og offentleggjort på verneområdestyret si nettside og facebookside.

3.3 Krav til levering av tilbodet

Tilbodet skal sendast til Nærøyfjorden verneområdestyre på e-post sfvlpost@statsforvalteren.no og merkast «Tilbod om kartlegging av fuglar i Grånosmyrane».

Tilbodsbrief skal innehalde følgjande:

- Verksemda sitt namn
- Adresse
- Verksemda sitt organisasjonsnummer
- Kontaktperson med e-postadresse og telefonnummer
- Eventuelle atterhald skal gå klart fram av tilbodsbriefet.
- Dokumentasjon på kvalifikasjonskrav
- Dokumentasjon på tildelingskriterier.

4.4 Tilbodsfrist

Frist for å komme med tilbod er **9. januar 2024 kl 12.00**.
Spørsmålsfrist 6. januar 2024.

Leverandøren er ansvarleg for at sendinga kjem fram innan fristen. Tilbodet skal vere oppdragsgjevar i hende på innleveringsadresse før utløpet av tilbodsfristen. For seint innlevert tilbod vil bli avvist.

Tildeling vil skje innan ei veke etter tilbodsfristen. Avtale blir signert så snart vi er sikre på at finansiering er på plass, i løpet av februar.



4.5 Tildeling av kontrakt

Leverandører som har delteke i konkurransen vil få ei skriftleg tilbakemelding om kven oppdragsgjevar vil inngå kontrakt med.